



Advokatfirmaet Hauge  
Steinavegen 8  
6800 FØRDE

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/2042 - 14/21533

Saksbehandlar:  
Siril Therese Sylta  
Siril.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:  
23.09.2014

## Avvising av klage på vedtak - gbnr 140/37 og 49 Erstad

### Administrativt vedtak. Saknr:

Det vert vist til klage frå Advokatfirmaet Hauge v/advokat Ivar Hauge motteke her 05.05.2014. Klagen er sett fram på vegne av eigar av gbnr 140/49, Lisbeth Skorpen og Terje Hauge. Lindås kommune beklagar lang sakshandsamingstid.

I klagen er det vist til tidlegare korrespondanse i saka mellom klagar og Lindås kommune. Det klagen i hovudsak gjeld er klage på at Lindås kommune ikkje kunne gje løyve til etablering av avløpsanlegg på gbnr 140/37 på gbnr 140/49 sin grunn, utan at det låg føre særskilt søknad frå gbnr 140/37 eller etter fellessøknad frå gbnr 140/37 og 140/40. Klagar meiner det ikkje ligg føre privatrettsleg avtale om rett for gbnr 140/37 til å gå over grunnen til gbnr 140/49 med avløpsrøra.

Lindås kommune har seinast i brev datert 17.03.2014 gjort greie for det som låg til grunn ved handsaminga av søknad om utslepp på gbnr 140/49 og dei privatrettslege forholda som vart lagt til grunn ved handsaminga av denne søknaden, basert på innsendte opplysningar i søknad om utslepp.

Lindås kommune tolkar innsendte klage som ein klage på utsleppsløyve datert 11.03.2009, då klagar meiner at Lindås kommune har gått ut over det kommunen har mynde til å godkjenne.

### Vurdering:

Det følgjer av forvaltningslova (fvl.) § 29 at «fristen for å klage er 3 uker fra det tidspunkt underretning om vedtaket er kommet frem til vedkommende part.»

Klagen i denne saka er sett fram 05.05.2014. Vedtak om utsleppsløyve er datert 11.03.2009. Klagen er såleis sett fram etter at klagefristen på 3 veker er gått ut.

Sjølv om klagen er sett fram for seint kan det vere grunnlag for å ta klagen til følge. I fvl. § 31 at det kan vere grunnlag for å ta klagen til følge sjølv om den er sett fram for seint, dersom vilkåra i § 31 er



stetta. Dette gjeld likevel ikkje det det er meir enn «ett år siden vedtaket ble truffet», jf. fvl. § 31 siste ledd.

Klagen er sett fram 5 år etter at vedtaket vart fatta. Klagefristen er oversitta og det er ikkje grunnlag for å gje oppreisning for oversitta klagefrist etter fvl. § 31 siste ledd.

#### **VEDTAK**

**Vilkåra for å handsame klagen er ikkje stetta, og klagen vert avvist med heimel i fvl § 33 2.ledd, jf. fvl § 31 siste ledd.**

#### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

#### **Andre forhold**

Twistar mellom eigar av gbnr 140/49 og 140/37 når det gjeld kostnadsfordeling i samband med flytting av avløpsanlegget er forhold som Lindås kommune ikkje kan ta stilling til.

Med helsing

Siril Therese Sylta  
konstituert fagleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Kopi til:**

Terje Hauge og Lisbeth Skorpen      Erstadvegen 133a    5911      ALVERSUND

#### **Mottakarar:**

Advokatfirmaet Hauge      Steinavegen 8      6800      FØRDE